



Lindås Rør og Sanitær AS v/Heine Nævdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1838 - 16/7939

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

25.04.2016

## Godkjenning - gråvassutslepp frå ein fritidsbustad gbnr 51/93 Landsvik

### Administrativt vedtak. Saknr: 103/2016

#### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 15.06.2015 og supplerande opplysningar motteke 16.02.2016 og 19.04.2016, søkt om eit gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på Landsvik gbnr 51/93. Utsleppet det er søkt om er eit anlegg med slamfilter og infiltrasjonsgrøft. Anlegget krev ikkje tømning med slamsugebil ettersom det vert nytta slampose til oppsamling av slammet.

Det skal ikkje monterast vassklosett. Eigedomen har snurredass.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 17.12.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

#### Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i arealdelen av kommuneplanen har status som LNF-spreidd fritidsbustad. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Det er også søkt om tilkopling til kommunalt vassverk. Denne vert handsama som eigen sak.

Føretaket Lindås Rør & Sanitær as har erklært ansvarsrett.

#### Vurdering:

Utsleppsløysinga det her er søkt om stettar krav for eit gråvassutslepp i dette området. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø. Det er rikeleg avstand til vasskjelder og vassdrag. Innsendt kart syner eit anna type anlegg. Dette er blitt endra underveg, viser til motteke skriv, journalført 19.04.2016, men plasseringa av anlegget vert den same.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen legg til grunn opplysningar motteke på telefon 22.04.2016 frå Lindås Rør & Sanitær A/S, som stadfestar at det vil bli sendt inn nytt situasjonskart, seinast ved søknad om ferdigattest.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Utsleppet det her er søkt om er, etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt, i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining sin § 12-5.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» § 12-5 gråvassutslepp frå ein fritidsbustad på Landsvik gbnr 51/93 i samsvar med søknad av 15.06.2015 og opplysningar journalført 16.02.2016, samt revidert søknad journalført 19.04.2016, og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet skal gå via slamfilter til infiltrasjonsgrøft på eigen eigedom.
- Anlegget må monterast/byggjast slik skildringa som ligg ved søknaden er skissert.
- Det må sendast inn revidert situasjonskart som viser plassering av anlegget med infiltrasjonsgrøft, seinast ved søknad om ferdigattest.
- Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av gråvassutslepp på gbnr 51/93, i samsvar med søknad journalført 15.06.2015, 16.02.2016 og 19.04.2016. Anlegget må teiknast inn på nytt situasjonskart, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Helge Selseng

**Mottakere:**

Lindås Rør og Sanitær AS v/Heine  
Nævdal